

STYREPROTOKOLL

Måndag **27. mars 2017** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Astri Furumo.

MØTESTAD:	Tysvær Rådhus, Berit Bjelland-rommet
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 16.00 – 17.00
AV MEDLEMMENE MØTTE:	Astri Furumo, Simon Næsse og Siv Bente Stople Østbø
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
INNKALLING:	Godkjent (utsending pr. e-post 21.03.17)
SAKSLISTE:	Godkjent

Følgjande saker blei handsama:

SAK 6/17 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 21.02.17

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Protokoll frå styremøte 21.02.17 blir godkjent.

Styrehandsaming 27.03.17:

Styret hadde ingen merknader, utover at årstalet øvst vert retta frå 20177 til 2017.

Samrøystes vedtak 27.03.17:

Protokoll frå styremøte 21.02.17 blir godkjent med nemnde retting.

SAK 7/17 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 27.03.17

8. Sjekkliste for medarbeidersamtale i HKS IKS
9. Protokoll frå generalforsamling for KS Bedrift 08.03.17
10. Norges Bank-undersøkelse om reallønnsvekst i 2017
11. Utkast til innkalling til representantskapsmøte i HKS IKS – 24.04.17
12. Varsla representantskapsmøte i IKA Rogaland IKS – 27.04.16
13. Tilsynsrådet for kriminalomsorgens fengslar og friomsorgskontor – dagleg leiar oppnemnt som varamedlem 2017-2018

Styrehandsaming 27.03.17:

Dagleg leiar orienterte og styret kommenterte. Medarbeidarsamtale vil bli avtalt med styreleiar i mai. Under pkt. 11 blei sak om bankavtale trekt. Til pkt. 12: dagleg leiar er gjeve mynde til å representere selskapet. Elles ikkje nokon merknader.

Samrøystes vedtak 27.03.17:

Styret tar referatsakene 8 - 13 til orientering.

SAK 8/17 – STATUSOVERSIKT PR. MARS 2017

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Statusoversikt pr. mars 2017 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 27.03.17:

Dagleg leiar informerte om status om arbeidssituasjon, økonomi og planar. Økonomirapport pr. 27.03.17 blei delt ut. Styret hadde ingen spesielle merknader.

Samrøystes vedtak 27.03.17:

Statusoversikt pr. mars 2017 blir tatt til orientering.

SAK 9/17 – GODKJENNING AV STYRET SI MELDING OG SEKRETARIATET SI ÅRSMELDING 2016

Dagleg leiar sitt forslag til innstilling:

Styret si melding og sekretariatet si årsmelding 2016 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak. Årsmeldinga vert oversendt samarbeidskommunane til orientering.

Styrehandsaming 27.03.17:

Styret hadde ingen merknader. Årsmeldinga blei vedtatt slik den ligg føre og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 27.03.17 og innstilling til representantskapet:

Styret si melding og sekretariatet si årsmelding 2016 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak. Årsmeldinga vert oversendt samarbeidskommunane til orientering.

SAK 10/17 – GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP FOR 2016

Dagleg leiar sitt forslag til innstilling:

Årsrekneskapen for 2016 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 35.342. Årets overskot vert lagt til opptent eigenkapitalen.

Styrehandsaming 27.03.17:

Styret hadde ingen merknader. Rekneskapen blei vedtatt utan særskilte kommentarar og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 27.03.17 og innstilling til representantskapet:

Årsrekneskapen for 2016 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 35.342. Årets overskot vert lagt til opptent eigenkapitalen.

SAK 11/17 – BUDSJETT 2018 – BUDSJETTFØRESETNADER OG RAMMER**Dagleg leiar si innstilling:**

Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner framlegg til budsjett for 2018 slik det er lagt fram og inviterer representantskapet til å fatte følgjande vedtak:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2018 med følgjande rammer:

Inntekter 2018		Utgifter 2018	
Tilskot	2.017.000	Lønn- og sosiale utgifter	1.747.000
Andre inntekter	-	Driftsutgifter	270.000
Inntekter totalt	2.017.000	Utgifter totalt	2.017.000
Resultat	0		0

Eigartilskot frå eigarkommunane vert i 2018 følgjande:

Karmøy kommune	365.000
Haugesund kommune	365.000
Tysvær kommune	192.000
Vindafjord kommune	192.000
Sveio kommune	172.000
Sauda kommune	172.000
Etne kommune	172.000
Suldal kommune	172.000
Bokn kommune	112.000
Utsira kommune	103.000

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, samt å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakarkommunane ikkje blir auka.

Styrehandsaming 27.03.17:

Dagleg leiar orienterte om framlegget, som er basert på tidlegare økonomiplan. Representantskapet sitt vedtak vil vere bindande for kommunane. Styret slutta seg til innstillinga og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 27.03.17 og innstilling til representantskapet:

Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner framlegg til budsjett for 2018 slik det er lagt fram og inviterer representantskapet til å fatte følgjande vedtak:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2018 med følgjande rammer:

Inntekter 2018		Utgifter 2018	
Tilskot	2.017.000	Lønn- og sosiale utgifter	1.747.000
Andre inntekter	-	Driftsutgifter	270.000
Inntekter totalt	2.017.000	Utgifter totalt	2.017.000
Resultat	0		0

Eigartilskot frå eigarkommunane vert i 2018 følgjande:

Karmøy kommune	365.000
Haugesund kommune	365.000
Tysvær kommune	192.000
Vindafjord kommune	192.000
Sveio kommune	172.000
Sauda kommune	172.000
Etne kommune	172.000
Suldal kommune	172.000
Bokn kommune	112.000
Utsira kommune	103.000

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, samt å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakar-kommunane ikkje blir auka.

SAK 12/17 – ØKONOMIPLAN 2018 - 2021

Dagleg leiar si innstilling:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2018-2021:

	2018	2019	2020	2021
Inntekter:				
Tilskot	2.017.000	2.077.000	2.139.000	2.203.000
Andre inntekter	0	0	0	0
Totalt	2.017.000	2.077.000	2.139.000	2.203.000
Utgifter:				
Lønn og sos. utg.	1.747.000	1.777.000	1.830.000	1.885.000
Driftsutgifter	270.000	300.000	309.000	318.000
Totalt	2.017.000	2.077.000	2.139.000	2.203.000
Resultat	0	0	0	0

Styrehandsaming 27.03.17:

Dagleg leiar orienterte om framlegget. Styret slutta seg til innstillinga og saka vert vidare sendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 27.03.17 og innstilling til representantskapet:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2018-2021:

	2018	2019	2020	2021
Inntekter:				
Tilskot	2.017.000	2.077.000	2.139.000	2.203.000
Andre inntekter	0	0	0	0
Totalt	2.017.000	2.077.000	2.139.000	2.203.000
Utgifter:				
Lønn og sos. utg.	1.747.000	1.777.000	1.830.000	1.885.000
Driftsutgifter	270.000	300.000	309.000	318.000
Totalt	2.017.000	2.077.000	2.139.000	2.203.000
Resultat	0	0	0	0

SAK 13/17 – BANKAVTALE FOR HKS IKS**Dagleg leiar si innstilling:**

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vel å fortsette sitt kundeforhold med Sparebank 1 SR Bank. Selskapet opprettar ein plasseringskonto som sparekonto i Sparebank 1 SR Bank. Styret får fullmakt til å vurdere storleiken på innskota til kontiane vurdert opp mot selskapet sin trong for likvidar.

Styrehandsaming 27.03.17:

Styret slutta seg til val av bank og meinte dagleg leiar hadde gjeve ei god utgreiing. Saldohistorikk ville gje ein peikepinn på kor stor driftskonto og plasseringskonto burde vere. Styret gav dagleg leiar råd og mynde til å vurdere storleiken på kontiane.

Samrøystes vedtak 27.03.17:

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vel å fortsette sitt kundeforhold med Sparebank 1 SR Bank.

Selskapet opprettar ein plasseringskonto som sparekonto i Sparebank 1 SR Bank.

Dagleg leiar får fullmakt til å vurdere storleiken på innskota til kontiane vurdert opp mot selskapet sin trong for likvidar.

EVENTUELT

Ingen saker var meldt eller blei tatt opp.

I følge ny møteplan er neste styremøte sett til **torsdag 19. oktober.**

Aksdal, 28. mars 2017

Astri Furumo (sign.)
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar